



Gunnar Andreas Danielsen
BREISTEINVEGEN 309
5111 BREISTEIN

Referansar:
Dykkar:
Vår: 22/184 - 22/10428

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:
04.02.2022

Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 331/15 Håtuff

Tiltak: Riving av hytte/oppføring av ny
Byggjestad: Gbnr: 331/15
Tiltakshavar: Gunnar Andreas Danielsen
Ansvarleg søkjar: Gunnar Andreas Danielsen

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 10.01.2022.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at rammesøknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Du skriv at du har lagt ved teikningar på tiltaket, men dette er utegløymt. Teikningar på både eksisterande hytte, ny hytte, veg med profiler, snitt, stigningsforhold skal sendast inn.
2. Parkering krev dispensasjon frå byggjegrænse mot kommunalveg på 15 meter. Dispensasjon må grunngjevast.
3. Situasjonsplan må vise avstand frå parkeringsplass til veg, nabogrense, frå utsleppsanlegg og leidningar til nabogrense. Det ser slik ut at påkopling til kommunalt vatn skjer på gbnr 335/1, det krev samtykkje frå eigar av eigedommen.
4. Det er uklart fotavtrykk på framtidig hytte på situasjonsplanen. Kva er plan for eksisterande uthus som byggjast saman med hytte? Skal det rivast elles takast med i hytten? Kva er samla bruksareal på framtidig hytte? Det må sendast utrekning av både bruksareal og bygd areal (fotavtrykk).
5. Etter godkjenning av rammesøknad skal det sendast søknad om igangsetjing kor følgjande dokumentasjon skal vedleggast:
 - Godkjent utsleppsløyve av Miljø-tilsyn avd.
 - Godkjent avkøyrsløve frå kommunal veg av samferdsel avd.
 - Godkjent dispensasjon frå byggjegrænse for parkering av samferdsel avd.
 - Godkjent løyve til tilkopling til kommunalt vatn av Samferdsel avd.
 - Erklæringar om ansvarsrett frå røyrleggjar for PRO/UTF vassforsyning og avløpsanlegg-minireinseanlegg.

- Erklæring om ansvar rett frå grunnentreprenør for PRO av veg, uteareal, landskapsutforming.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon under pkt.1-4 vert sendt inn samla innan 07.03.22. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Larissa Dahl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Gunnar Andreas Danielsen

BREISTEINVEGEN 309

5111

BREISTEIN